

# Kven er Gud?

Av Hanne Haraldseide Brekke



**Kven er Gud? Alle som har eit eller anna forhold til Gud, har tankar om korleis Gud er. Kva svar vi gir på dette spørsmålet, kan variera. Kvifor er det slik?**

## Eit liv på jorda - i det ufullkomne

Vi lever på jorda, ein stad der vi har Gud sitt nærvær hjå oss, samstundes som at himmelriket ikkje er her på jorda. I bønna «Vår Far», ber vi «la ditt rike koma». Vi ynskjer at vi skal få sjå meir av Gud sin godheit og Gud sitt rike her på jorda, der vi lever i brytninga mellom det gode og det vonde.

Bibelen gir oss nøkkelen til å forstå Gud. Korleis Gud er, og kva relasjon Gud ynskjer å ha til oss menneske. I tillegg til bibelen, er forkynning, trendar i tida, våre gudsopplevingar og forhold til andre nære medmenneske med på å prega biletet vi har av Gud. I mange tilfelle er det særleg forholdet til nære omsorgspersonar i oppveksten som er med på å prega vår oppfatning av korleis Gud er. Dette er med på å forklara at vi har ulike svar eller nyansar i vårt svar på kven Gud er.

## Kvifor bør vi bli kjende med vårt eige bilete av Gud?

Lat oss berre slå det fast: Det er ikkje lett å vera menneske, anten ein er kristen eller ei. Mange opplever livet som ein lang kamp, der ein stadig må ut i ein ny omgang i ringen. Eit forvrengd bilete av Gud kan vera med på å leggja ein ekstra stein til børa, eller hindra ei god utvikling for ein-skildmenneske.

Mange lever livet utan å reflektera noko over sitt eige bilete av Gud. Sanninga er at vårt bilete av Gud pregar vårt forhold til Gud, til oss sjølv og andre. Dersom du skulle be, ville du til dømes be; kjære Gud, kjære Jesus eller kjære Far? Vender du deg til Gud på ulike måtar, alt etter korleis du har det? Eg har høyrte nokre seie at dei ber «kjære Far» når dei har det bra, og at dei ber «kjære Jesus» når dei har det vondt og slit med livet. Forklaringa er at «eg ber til Jesus, for han har kjent kva lidning er».

Det kan være interessant å sjå på kva biletet vi har av Gud. Det bilete vi har av Gud pregar vårt kjensleliv, våre handlingar og haldningar til medmenneske. Dersom vi vaskar vårt bilete av Gud, blir det ofte lettare å ha ein sunn relasjon til Gud, seg sjølv og andre.

## Typiske bilete av Gud, som ikkje stemmer med bibelen

*Den strenge far.* Då er ikkje Gud lenger nokon god far, men ein overvakande politi, som vi må beskytta oss for. Det er ein Gud som straffer oss meir enn han viser nåde.

*Den kritiske.* Gud synes aldri at eg er god nok. Han vil bare minna meg om mine svakheter, manglar og synder. Det er utenkeleg at Gud kan glede seg over meg.

*Den kontrollerande.* Eg må vera beherska og formulera meg rett når eg er i nærleiken av Gud.

*Den arbeidande.* Gud er bare interessert i meg dersom eg arbeider med viktige oppgåver som misjon og

kristent arbeid. Gud er min arbeids-gjevar, og eg har bare kontakt med han som sjef og ikkje som far.

*Den uberekelege.* Eg kan ikkje stola på Gud. Han kan bli sint og leia meg inn i vanskar som eg ikkje forstår kvifor han har leia meg inn i. Eg er redd for at hans uberekelege sinne skal ramma meg.

*Den fjerne.* Gud er der oppe i himmelen. Eg merkar ikkje noko til hans kjærleik og omsorg.

*Den skrøpelege.* Det er mi oppgåve å forsvara og støtte Gud. Eg må sørga for at kyrkja ikkje går til grunne.

*Den overberande.* Gud overberande. Han godtar alt, sjølv om andre kristne seier «nei». Gud stiller ingen krav, og kallar oss aldri til omvendning.

*Den overbeskyttande.* Gud er omsorgsfull og beskyttar meg mot alt vond, uansett. Dersom sjukdom eller ulukke rammar meg, kan eg ikkje lengre tru på han.

*Den upersonlege.* Gud er ei kraft som eg lever i takt med. Eg kan ikkje ha eit forhold til ein personleg Gud. Gud er bare ei kraft som strøymer gjennom meg.

Fleire av desse bileta av Gud kan det vera strevsamt å leva med, og mange kjem til samtale med til dømes prest for å få hjelp med slike tankar om korleis Gud er.

## Vask ditt eige bilete av kven Gud er

Ta for deg tankane du har om Gud. Les i bibelen, og samtal med andre om dine tankar. Det kan vera vanskeleg å snu på steinar i eige liv. Nokre steinar kan vi få kasta frå oss langs vegen, medan andre kan vi ta med som verdfulle bidrag til vårt bilete av kven Gud er. Til slutt kan det passa å minna om at det er ingen som har sett Gud, og ingen kan seia at: «det er dette som er Gud»! Gud er alltid større og mykje meir enn vi trur.

